

Årsmelding for Nordmøre Spelmannslag

2015

Styret har i arbeidsåret vore samansett slik:

Leiar	Daniel Dyrnes
Nestleiar	Silje Osnes
Kasserar	Rolf Holte
Sekretær	Arnstein Brevik
Styremedl.	Helga Eikrem

Lars Brattset og Helge Husby har vore vara.

Musikalsk leiar har vore Hilde Bergfald

Laget har pr dato 28 medlemmar, ikkje alle like aktive, grovt sett er vel 14 – 15 stk aktive.

Sidan siste årsmøte har det vore avvikla 6 styremøte, og 19 saker har vore behandla.

Styremøta har hovudsakleg vore heldt i samband med andre aktivitetar, t.d. øvingskveldar.

Aktivitet: På april i fjor deltok vi på Fylkeskappleiken i Tresfjord, med stort hell. I knivskarp konkurranse med Dâm og Drag tok vi dei med eitt poeng, og vart nok ein gong fylkesmeistrar med slåttane «Vals etter Erik Almhjell» og «Polsdans frå Todalen». Elles var det ikkje den store deltakinga frå laget vårt, diverre er det for tynt i konkurrerande klassar når det gjeld individuelt spel frå Nordmøre, men Runhild Heggem deltok og vann i klasse B fele, og Kine Iselilja Gyldenskog deltok og vann i vokal. Brechans deltok gruppespel.

På hausten, nærare bestemt 26. sept., hadde vi så seminar med Sturla Eide på Vårsøgg Hotell i Surnadal. Bra oppmøte, og mange gav tilkjenne at dei fekk bra valuta for pengane. Vi hadde vel sett for oss ein litt meir interessant spelekveld etterpå. Men hotellet ville ikkje sleppe oss til med dansespel i restauranten.

31. oktober var det så konsert og dansespeiling i Batnfjorden. Diverre var det svært tynt i publikumsrekkene, nærast litt pinlig. Men vi gjennomførte konserten fint. Dansespeilinga kutta vi ned på for å kome oss tidlegare heim, vi kunne vel ikkje slite ut dei tre – fire para som var tilstades.

Elles har vi avslutta semestra på ”standsmessig vis. 14. juni samlast vi heime hos Helga der det var både styremøte, spel og ikkje minst mat.

6. desember var det juleavslutning på Aure med konsert i gammelkommunehuset, med påfølgande middag ved Aure Gjestegård.

Øvingane har vi i år også halde på «Stornaustet» på Halsanaustan. Dette fungerer greitt sjølv om vi har vore litt omdirigert i høve til rom frå tid til annan. Godt oppmøte, og etter

kvart bra bevertning, takk til dykk som tek dette på alvor. Medrekna opptredenar har det i alt vore 18 øvingar i 2015.

Laget har grei økonomi sjølv om vi har tært litt på kapitalen siste året. (viser til reknskap)